



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

## **Til ordførarane og rådmennene i Møre og Romsdal**

### **Forsøpling - vi har alle eit ansvar!**

Forsøpling er eit av tre utvalde satsingsområde som eg vil prioritere høgt i mitt siste år som fylkesmann. For å lukkast i dette arbeidet, må alle jobbe i lag. Kommunane har ei nøkkelrolle, så eg oppmodar difor ordførarar og rådmenn til å mobilisere i sine kommunar.

Kvar dag får vi sjå eksempel på kva forureining, særleg plastforureining fører med seg av lidingar for sjøpattedyr, fuglar og fisk. Skadane er utan tvil meir mangfaldige enn det media maktar å formidle. Heile spekteret av skadetypar som forsøplinga fører til vil det nok vere etterkommarane våre som finn ut av. Dei må og leve med denne arven. Det er difor viktig at vi gjer arven så liten som mogleg.

Det hjelp ikkje å rydde, dersom vi ikkje også endrar haldningane våre til det å forsøple! Vi må alle saman gjere alt vi kan for å bygge gode haldningar og setje i gang tiltak, slik at vi framleis kan sjå mot ei trygg framtid for folk og natur! Eg håper at alle kommunane i Møre og Romsdal vil bidra i dette arbeidet.

#### **Kva gjer vi i staten**

I årets statsbudsjett er det sett av 65 millionar kroner til tiltak mot marin forsøpling. Pengane er fordelt til prosjekt som bidrar både til å forhindre og til å rydde opp i marin forsøpling. I årets tildeling fekk Fylkesmannen ei ny koordineringsrolle innan forsøpling, der vi mellom anna har bidratt til å vurdere søknadane frå vårt fylke.

Tilskot mot marin forsøpling er berre ei av mange støtteordningar staten har for å hindre forsøpling. Ei fullstendig liste over vrakpant og tilskotsordningar følger vedlagt. Miljødirektoratet har i tillegg no foreslått sju konkrete tiltak for å redusere marin forsøpling. Eit av desse er å la kommunane kunne vedta bot i forsøplingsaker. (Les meir på <http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2016/Juni-2016/Slik-reduserer-vi-marin-forsopling/>).

### **Berre kommunen som kan handheve forbod mot forsøpling**

I Noreg er det forbod mot forsøpling. Ingen kan tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan verke skjemmande eller vere til skade eller ulempe for miljøet. Det er kommunane som har fått myndigheit til å følgje opp forsøplingsaker.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal førte i 2017 tilsyn med alle dei 36 kommunane i fylket på forsøpling og open brenning. Konklusjonen vår etter denne tilsynsrunden er at kommunane må bli betre på organisering og ansvarsfordeling innanfor sitt myndigheitsområde på forsøpling. Kommunane må mellom anna sette seg mål og gjennomføre kartlegging av forsøpling, slik at ein skaffar seg oversikt og kan prioritere riktig. Vi ser eit stort behov for at kommunen nyttar si myndigheit meir aktivt.

Fylkesmannen veit at dette kan vere ein stor og krevjande oppgåve. På

[www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) ligg alt av malar og sakshandsamingshjelp tilgjengeleg.

Fylkesmannen har plikt til å rettleie kommunen. Vi ynskjer å bidra med praktisk kunnskap og dele nyttig erfaringar mellom kommunane. Vi har hatt fokus på forsøpling på dei to siste samlingane for kommunane under haustkonferansen i regi av «Avfallsforum Møre og Romsdal». Dette vil òg bli tema under årets samling i Ålesund 30. oktober.

### **Forventingar til kommunane**

Eg har eit ynskje om at alle kommunane i Møre og Romsdal sett forsøpling på dagsorden i 2018. Det er viktig at dette arbeidet har solid forankring både politisk og administrativt i kommunane.

Kommunane må følgje opp sitt ansvar i forsøplingsaker. For å klare dette må kvar kommune sette seg mål og lage handlingsplanar. For å klare å prioritere riktig bør det gjennomførast kartlegging av forsøpling og risikovurderingar.

Kommunane må også arbeide aktivt med å skape gode haldningar på området – både internt og eksternt.

Her er nokre av dei lovpålagde tiltaka der kommunane kan gjere ein stor forskjell:

- Avfallsplanar i hamner  
Alle kystkommunar skal følgje opp regelverket for avfallsplanar i hamner ved å lage oversikt over alle hamner i eigen kommune, og utarbeide felles avfallsplan for småbåthamnene. Nokre kommunar har allereie sendt inn oversikt og laga avfallsplanar. Kommunane pliktar vidare å halde oversikta over hamnene oppdatert og melde frå til Fylkesmannen ved endringar. På «Miljøkommune» ligg det malar både for å lage oversikt over alle hamnar og for utarbeiding av avfallsplan.
- Avfallsplanar i byggesaker  
Alle kommunar skal følgje opp krava om avfallsplan i byggesaker. Dette er regulert i plan- og bygningslova § 29-8 om avfallshandtering og i byggt teknisk forskrift (TEK 17). På «Miljøkommune» ligg det lenker til rettleiing frå «Direktoratet for byggkvalitet».

- Fokus på avfallshandtering i egne byggesaker  
Alle bygge- og rivesaker der kommunen er tiltakshavar, må følgast opp slik at ein har kontroll med at avfallet vert handtert i tråd med regelverket. Anbod må utformast slik at ein sikrar god avfallshandtering, og at ikkje prisane blir pressa så lågt at det ikkje er mogleg med forsvarleg handtering.
- Mottak av kasserte fritidsbåtar  
Kasserte fritidsbåtar på avvege er eit forureiningsproblem. Kommunane skal etablere avfallsmottak for mindre fritidsbåtar. Kommunar, kommunale og interkommunale avfallsselskap kan søke tilskot til å dekke kostnader dei har med å handtere båtane.

Eg håper alle kommunane i fylket tar sitt ansvar innanfor forsøplingsområdet i 2018 slik at vi saman kan få til gode tiltak og ei haldningsendring – og redusere forsøplinga.

Med helsing

Lodve Solholm

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

- 1 Vrakpant- og tilskotsordningar